

**ÅSHILD TVEIT VÅRVIK**  
RETTLEIAR: YVONNE VAN BAAL

---

**Ei utforskande samanlikning mellom språket i romanen  
*Da vi var yngre* og den talte multietnolekten i Oslo**

---

**Bacheloroppgåve, 2024  
Lektorutdanning for 8-13  
Institutt for kultur- og språkvitskap  
Fakultet for utdanningsvitskap og humaniora**

**Tal på ord: 7345**

**Innhaldsliste**

|  |           |
|--|-----------|
| <b>1. Innleiing.....</b>                       | <b>2</b>  |
| <b>2. Bakgrunn, teori og metode .....</b>      | <b>3</b>  |
| <i>2.1 Innvandring og Da vi var yngre.....</i> | <i>3</i>  |
| <i>2.2 Multietnolekt .....</i>                 | <i>4</i>  |
| <i>2.3 Metode.....</i>                         | <i>6</i>  |
| <b>3. V2-regel.....</b>                        | <b>8</b>  |
| <i>3.1 Bakgrunn.....</i>                       | <i>8</i>  |
| <i>3.2 Resultat.....</i>                       | <i>9</i>  |
| <i>3.3 Drøfting .....</i>                      | <i>12</i> |
| <b>4. Dobbelt bestemming .....</b>             | <b>13</b> |
| <i>4.1 Bakgrunn.....</i>                       | <i>13</i> |
| <i>4.2 Resultat.....</i>                       | <i>14</i> |
| <i>4.3 Drøfting .....</i>                      | <i>16</i> |
| <b>5. Konklusjon .....</b>                     | <b>18</b> |
| <b>Litteraturliste.....</b>                    | <b>20</b> |

## 1. Innleiing

Aukande innvandring til Noreg har gjort at ein har fått eit fleirkulturelt samfunn. Folk frå ulike stader i verda tar med seg kulturen frå heimlandet sitt. Ikkje berre tar dei med seg kulturen, men òg språket. Dette gjer at ein har fått to nye «fenomen», multietnolekt og innvandrarlitteratur. Desse to fenomena vil vera sentrale i denne oppgåva. Multietnolekt kan bli beskrive som ein talemåte hjå fleirkulturelle urbane ungdommar, med sine eigne grammatikalske og leksikalske trekk (sjå del 2.2). Innvandring og eit stadig meir fleirkulturelt samfunn har også ført til innvandrarlitteratur. Innvandrarlitteratur kan definerast som skjønnlitteratur skriven av innvandrarar og andregenerasjonsinnvandrarar, kor det blir tydelege markert at det er ein tokulturell situasjon (Kongslien, 2002, s. 174) (sjå del 2.1). Fleire og fleire skjønnlitterære romanar som hører til denne kategorien blir skrive. Den svenske romanen *Ett öga rödt* av Jonas Khemiri blei utgitt allereie i 2003. Eit anna døme er den kjende romanen *Tante Ulrikkes vei* av Zeshan Shakar frå 2017. Innvandrarlitteraturen skildrar ofte miljøa der dei fleirkulturelle ungdommane held til. I nokre tilfelle skil språket i denne type litteratur seg frå det standardiserte skriftspråket. Dette kan vera interessant å sjå på. Er språket i litteraturen likt som den munnlege multietnolekten som har blitt beskrive i forsking? I denne oppgåva tar eg utgangspunkt i dette spørsmålet, og rettar det inn mot ein spesifikk og nyleg publisert roman.

Denne romanen er *Da vi var yngre* av Oliver Lovrenski som blei gitt ut hausten 2023. Romanen skildrar eit tøft miljø av ungdommar med innvandringsbakgrunn i Oslo. Språket som blir brukt i boka ser i første augnekast ut til å likna på multietnolekten som blir brukt i Oslo. Dette gjer at språket i akkurat denne romanen kan vera aktuell å sjå nærmare på. Ut i frå dette er problemstillinga mi: *På kva slags måte samsvarar språket i romanen «Da vi var yngre» med måten multietnolekt blir beskrive i tidlegare forsking?* Eg har føretatt ei utforskande samanlikning, der eg har sett nærmare på to språklege trekk i boka. Eg har drøfta korleis desse trekka er brukt i romanen, og korleis desse samsvarar med vitskaplege skildringar av multietnolekt. Det er viktig å understreka at denne samanlikninga er deskriptiv, heller enn normativ. Eg skal altså ikkje vurdera kor «godt» språket i romanen samsvarer beskrivingar av multietnolekt. Eg skildrar ulike språklege trekk frå romanen, og set dei opp mot med tidlegare forsking om talt multietnolekt. Det kan òg vera greitt å understreka at dette blir sett på ut i frå eit språkleg perspektiv, og ikkje som ein litterær analyse sjølv om eg skal ta utgangspunkt i ein skjønnlitterær tekst.

## 2. Bakgrunn, teori og metode

### 2.1 Innvandring og Da vi var yngre

Innvandring til Noreg har økt i stor grad i løpet av få tiår. I 1970 budde det 57 000 innvandrare i landet. Sidan den gong har talet auka til 877 000 i 2023. Under 1,5 prosent av befolkninga var innvandrare i 1970, medan dette har auka til 16 prosent i dag (SSB, henta 18.04.2024). Prosentdelen er endå høgare i Oslo, kor heile 30% av innbyggjarane er innvandrare (Nistov & Opsahl, 2014, s. 92). Innvandrarane kjem i frå ulike stader, og er ei samansett gruppe. Tal frå SSB viser at innvandrarane har bakgrunn frå 223 forskjellige land og sjølvstyrte regionar. Gruppa av norskfødde med innvandrarforeldre er også stor. Ein reknar med at 213 800 personar hører til i denne kategorien (SSB, henta 18.04.2024). Det er særleg den sistnemnde gruppa som hører til det fleirkulturelle ungdomsmiljøet som snakkar multietnolekt.

I samband med aukande innvandring og at samfunnet har blitt fleirkulturelt, har ein fått ei ny form for litteratur som kan kallast innvandrarlitteratur. Ingeborg Kongslien definerer innvandrarlitteratur som «[...]skjønnlitteratur skriven av menneske som har innvandra til Norge, eventuelt av representantar for andregenerasjon der den tokulturelle situasjonen er markert.» (2002, s. 174). Kongslien trekk også fram at denne litteraturen tar for seg nye tema og erfaringsområde, i tillegg til nye språklege bilete og estetiske former. Desse nye tema kan til dømes vera korleis opplevinga av å ha innvandrarbakgrunn er eller korleis det er å leva i fleirkulturelle miljø kor mange har minoritetsbakgrunn. Når det gjeld estetisk form kan bruk av lånord trekkast fram. Innvandrarlitteraturen er altså eit resultat av aukande innvandring, og litteraturen gir ein representasjon av denne stadig voksende samfunnsgruppa. Romanen *Da vi var yngre* står sentralt i denne oppgåva. Han kan reknast inn i kategorien innvandrarlitteratur.

Språket er noko av det mest framståande ved romanen *Da vi var yngre* og har stor påverknad på leseopplevelingen. Romanen har vunne Bokhandlarprisen 2023, og har fått mykje merksemd og tilbakemeldingar. I ein bokomtale av Knut Hoem blir språket beskrive som eit «kroatisk-somalisk-norsk fyrverkeri» (Hoem, 2023). Boka skildrar livet til fire tenåringsgutar i Oslo, kor tre av dei har utanlandsk bakgrunn frå Kroatia, Somalia og India. Handlinga i romanen knyter seg til eit kvardagsliv prega av rus og festing. Det å ha innvandringsbakgrunn og å vera fleirkulturell er også eit sentralt tema i boka.

Boka har korte tekstar på kvar side, nokre gonger er dei ikkje lengre enn eit par linjer. Ho er ikkje inndelt i kapittel, men i korte avsnitt på kvar side, kor forteljinga hoppar fram og tilbake i både handling og tid. Med manglande teiknsetjing gjer setningane seg ulike frå

korleis ein gjerne elles ville ha skrive dei på standardisert skriftleg norsk. Det blir ikkje brukt punktum og stor bokstav i det heile, og boka er full av konjunksjonar som bind setningar saman. I romanen er det mykje direkte dialog mellom karakterane. Elles er det skildringar og forteljing frå hovudpersonen Ivor, som har kroatisk bakgrunn. På grunn av skrivestilen liknar tekstane meir på eit slags «dagbokutdrag», og ein får gjerne ei kjensle av at boka er som ei personleg melding. Til tross for at det skrivne teksten, har språket altså eit veldig munnleg preg. På grunn av dette har eg valt å leita etter typiske multietnolektiske trekk i romanen. Sidan denne varianten av norsk er munnleg, kan det gi mening å samanlikna med ein roman skrivne i munnleg stil. I denne romanen kan ein forventa å finna trekk frå multietnolekt, i motsetnad til om det hadde vore tydleg standardisert skriftspråk.

## 2.2 Multietnolekt

Som ein konsekvens av den aukande innvandringa til Noreg, har ein fått fleire ulike språk som blir brukt. Ein bruker gjerne eit anna språk enn norsk heime med familie, eller blant venner med same språklege bakgrunn. Mange av innvandrarane har busett seg i urbane område, dei fleste bur i Oslo (SSB, henta 18.04.2024). I 2007 var det 125 forskjellige språk som blei snakka i Oslo (Svendsen & Røyneland, 2008, s. 63-64). Forskinga har vist at i fleirkulturelle miljø der fleire språk er i kontakt med kvarandre, har det oppstått ein ny variant av norsk, som ein kallar for multietnolekt. Nistov og Opsahl (2014, s. 92) refererer til Clyne (2000) og Quist (2000) og definerer multietnolekt som det språklege resultatet av ein språkkontaktsituasjon der fleire minoritetsgrupper og språk er involvert. Denne talemåten er særleg utbreidd blant unge med innvandarbakgrunn (Opsahl & Nistov, 2010; Svendsen & Røyneland, 2008).

Multietnolekten i Oslo er ikkje eit unikt fenomen. Ein finn liknande tilfelle andre stader i Nord-Europa. I Sverige er det forska mykje på *rinkebysvensk*, medan multietnolekten i Danmark ofte blir omtala som *dansk multietnolekt*. Ein har blant anna funne mykje av det same når det gjeld syntaks og bruk av lånord, på tvers av Skandinavia. Elles finn ein òg multietnolekt i blant anna Tyskland, her kalla *kietzdeutsch*, og *straattaal* i Nederland (Svendsen & Røyneland, 2008; Freywald *et al.*, 2011). Vidare i oppgåva vil eg hovudsakleg halda meg til forsking frå Oslo og Skandinavia.

Multietnolekten skil seg frå standardisert norsk på fleire ulike område. Noko av det mest framståande er gjerne brot på V2-regelen og at verbpllasseringa ikkje følger det same mønsteret som i standardspråket. Dette skal eg sjå meir på i kapittel 3 av oppgåva. Andre

typiske trekk for multietnolekten er bruk av lånord frå forskjellige språk, spesifikt språk som mange i det fleirkulturelle samfunnet snakkar. Ord som *wallah* (å sverja ved Allah, arabisk), *sjpa* (god, berbersk) og *kiz* ( jente, tyrkisk) er ord ein til dømes kan finna i denne variasjonen av norsk (Svendsen & Røyneland, 2008, s. 65-69). Det har òg blitt funne at bruk av hankjønn blir prioritert, og brukt i større grad enn hokjønn og inkjekjønn (Svendsen & Røyneland, 2008, s. 65). Dette gjer at det oppstår døme som *den kroppspråket*, *min glass* og *en land*, som Opsahl og Nistov trekk fram (2010, s. 57-60). I desse tilfella blir hankjønnsformer (*den*, *min*, *en*) brukt i staden for inkjekjønnsformer (*det*, *mitt*, *eit*).

Svendsen og Røyneland peiker i tillegg på eit anna fenomen dei finn i multietnolekten i Oslo, som ikkje har blitt studert elles i multietnolektar andre stader i Skandinavia<sup>1</sup>. Nektingsadverbial står vanlegvis etter det finitte verbet i setningar på norsk. Dette gjeld derimot ikkje i undersetningar. I undersetningar kjem nektingsadverbialet før det finitte verbet. Svendsen og Røyneland bruker eksempelet: «... at John **ikke spiste** fisk», for å illustrera dette. I multietnolekten fann dei derimot at adverbialet kjem etter verbet, sjølv i undersetningar. Setninga «de tror at vi **har ikke** integrert oss» er eit døme på dette (Svendsen & Røyneland, 2008, s. 76-77).

Forsking på multietnolekt har også vist at språkbruken heng tett saman med det sosiale. Varianten blir i større grad brukt når språkbrukarar snakkar saman med andre som hører til same gruppa og bruker denne varianten av norsk sjølv. I ei studie av Nistov og Opsahl fann dei at førekomensten av XSV som syntaktisk mønster var mykje sjeldnare om ungdommane blei intervjuet av ein forskar, samanlikna med om dei hadde ein samtale med dei andre informantane (2010, s. 55). Dette syner at dei tar omsyn til samtalepartnar, og kan endra og legga til rette måten dei snakkar på.

Innanfor denne gruppa blir multietnolekt knyta til prestisje. Talemåten blir sett på som kul og tøff fordi det blir assosiert med noko som kan verka både framand og spennande. Det å vera ein «east-ender», frå austkanten av Oslo, blir sett på som positivt for ungdommar som tilhører denne gruppa (Nistov & Opsahl, 2014, s. 108). Dette kan truleg ha samanheng med at ein har eit ønske om å skilja seg ut frå majoriteten. Multietnolekten blir ein måte å uttrykka tilhørsle til ei gruppe og eit fleirkulturelt miljø, medan den skaper avstand frå andre grupper.

Ordet *dialekt* har òg blitt brukt for å forklara rolla som multietnolekten spelar for ungdommane. Ungdommen Anders, som blir intervjuet og skrive om i artikkelen til Svendsen og Røyneland, fortel at han ser på varianten som ei dialekt (2008, s. 69-70). Elles i Noreg

---

<sup>1</sup> Svendsen og Røyneland observerer at ingen andre har forska på dette trekket. Eg har ikkje funne nyare forsking etter at deira oversikt blei publisert.

speler dialektar ei heilt spesiell rolle, og mange nordmenn ser på dialekta si som noko som har ein identitetsbærande funksjon. Då kan det tenkast at dette opplevast likt og har den same funksjonen for brukarane av multietnolekten. I språkvitskap ville ein derimot ikkje definert multietnolekten som ei dialekt. Dialekt kan bli definert som «ein geografisk avgrensa variant av eit språk.» (Opsahl, 2024). Då er talemålet knyta til eit spesifikt geografisk område. Jærsk og trøndersk kan vera døme på dialektar. På bakgrunn av dette ville ein ikkje ha kalla multietnolekt for ei dialekt, fordi multietnolekten baserer seg på sosiale vilkår heller enn geografiske.

Multietnolekten har også fått ulike fordommar retta mot seg. Ordet *kebabnorsk* har ofte blitt brukt om denne varianten av norsk, og har blitt brukt både i daglegtale og i media sidan 1990-talet. Denne termen indikerer ei negativ haldning til denne språklege varianten (Svendsen, 2014, s. 33-34). *Kebabnorsk* blir brukt om multietnolekten i Oslo, og er retta mot språkbrukarar som høyrer til innvandrarbakgrunn. Ofte blir denne språkvarianten stempla som «dårleg norsk» og sett på som ein motpol til standardisert og «skikkeleg norsk» (Svendsen, 2014, s. 35). Standardisert norsk blir sett på som det som er rett, medan *kebabnorsk* blir reine motsetninga og dermed sett på som feil. Studiar frå Skandinavia syner at multietnolekt ofte blir kopla til lågare sosial status, og at det dermed blir oppfatta som negativt å snakka slik (Svendsen, 2014, s. 35-36). Ungdom i Oslo som bruker multietnolekten har også gitt uttrykk for at dei ikkje likar dette omgrepet sjølv, og at dei oppfattar det som nedlatande (Svendsen & Røyneland, 2008, s. 68). Vidare i oppgåva kjem eg til å halda meg til omgrepet *multietnolekt* for å unngå den problematiske og negativt lada termen *kebabnorsk*.

Medan multietnolekt har ein viktig identitetsbærande funksjon for ungdommar som bruker det, har det møtt ein del kritiske haldningar frå folk utanfrå. Påstandar om at multietnolekten i Oslo er eit därlegare språk enn standardisert norsk er uhaldbare. Det er ikkje noko som ein kan kategorisera som «dårleg norsk». Multietnolekten er eit systematisk språksystem, sjølv om det ikkje alltid samsvarar med dei same mönstera og reglane som gjeld standardisert norsk.

## 2.3 Metode

I denne oppgåva skal eg drøfta språket i romanen *Da vi var yngre* som ein multietnolekt, meir spesifikt; som multietnolekten i Oslo. Romanen blir det empiriske grunnlaget for oppgåva. Sjølv om det er mykje ved språket eg kunne studert, vel eg å sjå nærare på to grammatiske og syntaktiske trekk, nemleg V2-regelen og dobbelt bestemming. Dette skal eg gjera ved å ta eit

utval av sider frå romanen. Eg vil ta føre meg kvar tiande side, altså side 11, 21, 31 og så bortetter, heilt fram til side 231. Til saman vil det bli 23 sider av boka. Ved å ta utgangspunkt i desse sidene får ein tekstuddrag jamt fordelt gjennom heile boka. På denne måten kan ein sjå om dei same språklege trekka er gjennomgåande i romanen, eller om omfanget varierer frå start til slutt. Om språket endrar seg gjennom boka, vil også dette vera interessant å diskutera. I tillegg vil det vera nyttig å ha eit såpass stort datamateriale, då det i større grad kan visa mønster i språket og i kor stor grad fenomena eg skal studera er gjennomgåande og sannsynlege å finna.

Ved arbeidet med å samla inn datamaterialet for å sjå på V2 i språket møtte eg på ei lita utfordring. Romanen er prega av lite teiknsetjing og manglande bruk av store bokstavar. Dette gjorde det litt utfordrande å sjå kor ei setning starta og slutta. På grunn av dette har eg mått brukt intuisjon for å dela opp setningane, slik at eg fekk sortert materialet på ein måte slik at det var greitt å analysera vidare. Eg har tatt utgangspunkt i at nye setningar startar etter spørsmålsteikn og ved konjunksjonar. I tillegg vil det berre vera nyttig å studera forteljande heilsetningar når eg skal sjå på tilfelle av V2. Derfor har eg utelukka interjeksjonar, spørsmål og imperativ, undersetningar. Eg har heller ikkje tatt med små frasar som «han sa» og «det går bra». Det er òg ein del setningar som manglar subjekt, der subjektet er implisitt, desse blei også utelukka frå analysen.

Når det gjeld datamaterialet til dobbelt bestemming har eg inkludert alle substantivfrasane som innehold eit bestemt substantiv og eit adjektiv. I analysen har eg hovudsakleg sett på om både determinativet og suffikset er til stades, og dermed også om dobbelt bestemming er til stades eller ikkje. Eg vil understreka at eg har tatt med alle desse substantivfrasane, både dei som er i tråd med standardisert skriftspråk og dei som ikkje er det. Dette gjer at eg vil vera i stand til å seia noko om forholdet mellom dobbelt bestemming og avvik, og eventuelt kor frekvente slike avvik er.

Til nå har eg vore innom innvandring, innvandrarlitteratur og generell forsking på multietnolekt. I dei neste to kapittela diskuterer eg dei to syntaktiske fenomena eg har analysert. V2-regelen er diskutert i kapittel 3, og dobbelt bestemming i kapittel 4. I kvart kapittel presenterer eg først det syntaktiske trekket og kva tidlegare forsking har funne om trekket i multietnolekt. Deretter presenterer eg resultata mine, som viser korleis trekket er brukt i romanen. Til slutt samanliknar eg resultata med tidlegare forsking.

### 3. V2-regel

#### 3.1 Bakgrunn

Ein sentral regel i den norske syntaksen er at det finitte verbet kjem som det andre leddet i forteljande hovudsetningar. Dette er kjent som V2-regelen (Faarlund *et al.*, 1997, s. 859). Det vanlegaste mønsteret å finna i norsk er SVO, altså at rekkefølga på setningsledda er subjekt-verbal-objekt (Faarlund *et al.*, 1997, s. 857). Sjølv om denne rekkefølga er vanleg, er det også ganske mange tilfelle der ein ikke startar med subjektet. Westergaard (2009, s. 65-66) beskriv at ca. 30% av norske hovudsetningar er *non subject initial*, altså at dei startar med noko anna enn subjektet. Sjølv om den syntaktiske funksjonen til det første leddet kan variera, kjem likevel det finitte verbet som det andre leddet i forteljande heilsetningar.

Setningar som ikke følger SVO-rekkefølga, har eit ledd som blir tematisert.

Tematisering vil seia at eit anna ledd blir plassert fremst i ei setning, som elles ville ha komme seinare. Det tematiserte elementet er noko ein ofte vil framheva eller legga ekstra vekt på, og derfor blir plassert som første ledd i setninga. Ofte blir adverbial tematisert, noko som gjer at resten av setninga si struktur blir påverka. Dette fenomenet blir også kalla topikalisering og inversjon, men eg bruker omgrepene tematisering.

Om ei setning har eit tematisert element og det finitte verbet må stå som andre ledd, gjer det at subjektet må komma etter verbet. Denne ordstillinga blir kalla for XVS-ordstilling, der X er kva som helst tematisert ledd. Nedanfor vil eg syna eit eksempel på ei setning med SVO-ordstilling (1a). I tillegg vil eg syna den same setning med XSV-ordstilling i staden, kor X er eit tematisert adverbial (1b). I alle eksempla er verbet markert i feit skrift og hakeparantes skil leddet før verbet.

- (1) a. [Eg] **skal** på butikken i dag
- b. [I dag] [eg] **skal** på butikken

Det er først ved tematisering at ein kan observera at norsk ikke berre er eit SVO-språk, men også eit V2-språk. Sjølv om subjektet ikke kjem først i ei setning, vil uansett det finitte verbet vera ledd nummer to.

I forsking på multietnolekt har ein funne at brot på V2-regelen førekjem. Dette skjer særleg i tilfelle der ein har tematiserte element. Ved brot på V2, finn ein gjerne XSV-ordstilling (Nistov & Opsahl, 2010, s. 53-54). Her er X eit tematisert element. Verbet kjem ikke som andre ledd, slik det elles ville ha gjort på standardisert norsk. Det kjem i staden som

tredje ledd i setning, altså etter subjektet. Nistov og Opsahl har studert data frå Oslo, for å sjå kor frekvent brot på V2 i multietnolekt er. Talemålet til 22 ungdommar blei studert, kor foreldra enten var norskfødde, ein utanlandsfødd eller begge fødde i utlandet. Måten ungdommane snakka på og kor frekvent brot på V2 var viste seg å variera med samtalepartnar. Dette har eg allereie diskutert litt rundt tidlegare i oppgåva (sjå 2.2). Når ungdommen snakka med ein annan brukar av multietnolekt, var det meir frekvent med brot på V2. I samtale med jamaldrande var det 345 moglege gonger kor XVS-mønsteret kunne ha førekommme. Utfallet av desse samtalane viser derimot at det blei nytta XSV-ordstilling i 38% av tilfella, i motsetnad til 12% i intervju med forskar (Nistov & Opsahl, 2010, s. 54). Dette syner at XSV-ordstilling er relativt frekvent ved bruk av multietnolekt, særleg i samtalar med andre som bruker denne varianten.

Forsking har i tillegg funne ut at nokre adverbiala oftare blir tematisert og dannar XSV-ordstilling. *Eigentleg*, *plutseleg* og *etterpå* er blant adverbiala som ser ut til å dukka opp ofte ved tematisering og brot på V2-regelen (Nistov & Opsahl, 2014, s. 99). XSV-ordstillinga er heller ikkje noko som berre er funne i multietnolekten i Oslo. Ein har funne same mønsteret i andre skandinaviske multietnolektar, i både Sverige og Danmark (sjå referansar i Svendsen & Røyneland, 2008, s. 75). Mønsteret ser òg ut til å førekomma i situasjonar med kvensk-norsk språkkontakt og multietnolekt i Tyskland (sjå referansar i Nistov & Opsahl, 2010, s. 54).

### 3.2 Resultat

Datamaterialet inkluderer til saman 215 forteljande hovudsetningar, som er setningstypen som krev V2 (sjå tabell 1). Blant desse var det 133 av setningane som følgde vanleg V2-struktur, medan resterande, 82, hadde brot på regelen og annleis setningsstruktur, då verbet kjem seinare i setninga.

*Tabell 1: Bruk og mangel av V2 i datamaterialet*

| Forteljande heilsetning | V2-regel | Brot V2-regel |
|-------------------------|----------|---------------|
| 215                     | 133      | 82            |
|                         | 61,86%   | 38,14%        |

I datautvalet frå *Da vi var yngre* fann eg 133 tilfelle kor det ikkje var brot på regelen. Dette utgjer 61,86% av moglege tilfelle ein kunne funne. Det vil seia at over halvparten av

setningane følger V2-regelen. Likevel ser ein at det er mange tilfelle av brot på regelen, noko som indikerer at V2-regelen ikkje blir brukta på same måte som i standardisert norsk.

Då eg studerte tilfella der setningane følgde V2, fann eg at dei aller fleste setningane starta med subjektet. I 130 av setningane var subjektet først, deretter verbet, altså SVO-ordstilling. Dette utgjer 97,74 % av alle setningane med V2. Nokre døme er presentert i (2).

- (2) a. *[vi] drar og fanger no munch* (SVO, s. 11)
- b. *[dere] stresser så masse med flus* (SVO, s. 31)
- c. *[jeg] skal si til dem du må få uten sennep som du ikke liker* (SVO, s. 201)

I dei få tilfella (2,26%) kor subjektet ikkje står først, har eg funne tre tilfelle av XVS. Desse blir presentert i (3). Desse tre eksempla startar med ein konjunksjon, som ikkje er med på å påverka V2-regelen. Konjunksjonane står på ein slags «null-plass».

- (3) a. *og [så] bynte krigen med orda midt i gunerius* (XVS, s. 11)
- b. *og [nå] har du ikke levert noe på lenge* (XVS, s. 81)
- c. *men [da] må vi være sikker på at du ikke ruser deg* (XVS, s. 171)

Dette kan tyda på at datamaterialet nesten ikkje fylgjer V2-regelen. Det verkar som at forfattaren kjenner til SVO-setningar, og at desse blir brukta på same måte som i standardisert norsk. Derimot ser det ut som at V2-regelen er lite brukta i setningar kor ein har eit tematisert element, og subjekt ikkje er det første leddet i setninga.

Setningar der V2-regelen er broten utgjer 38,14% slik som tabell 1 syner. Blant desse setningane er det litt ulik struktur og setningsoppbygging. Eg har funne tre ulike mønster når V2-regelen er broten: XSV, SXV og XSXV (sjå tabell 2).

*Tabell 2: Tre ulike mønster når V2-regel blir broten*

| Setningar med brot<br>på V2-regel | XSV    | SXV    | XSXV  |
|-----------------------------------|--------|--------|-------|
| 82                                | 67     | 11     | 4     |
|                                   | 81,71% | 13,14% | 4,88% |

XSV-ordstilling var til stades i 67 tilfelle. Dette utgjer over 80% av setningane der V2-regelen er broten. Fleirtalet av setningane følger dette mønsteret, medan det er langt færre tilfelle av dei to andre variantane. Sjå nedanfor i døme (4) for eksempel på XSV-ordstilling.

- (4) a. *[i dag] [jeg] **skjønte** hvorfor mennesker kriger over dummeste tinga* (XSV, s. 11)
- b. *[på lunsjen i dag] [hun lærern fra rettslære] **kom** og tok meg på siden* (XSV, s. 81)
- c. *og [etterpå] [han] **dissa** arjan så heftig og slæppa han i panna* (XSV, s. 201)

SXV-ordstilling, der eit anna element står mellom subjektet og verbet, var noko mindre frekvent, med 11 tilfelle. Nokre døme er vist under (5).

- (5) a. *og [vi] [nesten] **hadde** starta ny arabiske våren* (SXV, s. 11)
- b. *og [jeg] [ikke] **kjente** han* (SXV, s. 71)
- c. *[arjan] [fortsatt] **var** stolt og sta og rista på hodet* (SXV, s. 201)

XSXV fant eg fire gonger i datamaterialet. I døme (6) nedanfor ser ein nokre tlfelle av dette mønsteret.

- (6) a. *[når jeg var mindre], [hele fammen] [alltid] **feira** ting som bursdager og juler* (XSXV, s. 41)
- b. *[forresten når arjan posta bilde av passet], [han] [seff<sup>2</sup>] **posta** hele uten å stryke no* (XSXV, s. 121)

Nokre av dei tematiserte elementa er meir frekvente enn andre. Ulike former av *etterpå*, som *etter*, *etter det*, *etterhvert* og *rett etter* blir hyppig brukt. Om ein ser på desse saman, som ein kategori, fann eg 12 tilfelle kor dette er X. Tidsadverbet *i dag* er også ofte tematisert. Dette fann eg sju gonger. Sjå eksempel (7), kor dei tematiserte adverbiala er markert med understrek.

- (7) a. *etterpå* vi **trente** en halvtime ellerno (s. 71)
- b. *etterpå* jeg **svarte** (s. 221)
- c. *i dag* marco **var** i begravelse [...] (s. 231)

---

<sup>2</sup> *Seff* fungerer som ei forkorting av *selvfølgelig/sjølv sagt*

Typisk for adverbiala som er X i XSV er at dei er predikatsadverbial. X i SXV-mønster er som oftast (eitt-ords) setningsadverbial. Det er ved setningar som innehold både predikatsadverbial og setningsadverbial ein får XSXV-ordstillinga. På bakgrunn av dette kan ein sjå at det er eit system i dei ulike formane for brot på V2.

### 3.3 Drøfting

I dette delkapittelet vil eg samanlikna kva forskinga har funne om V2 og syntaks i multietnolekt med funna frå romanen. I datamaterialet frå *Da vi var yngre* førekomm brot på V2-regelen i 38,14% av dei forteljande heilsetningane (sjå tabell 1). Opsahl og Nistov fann at i samtale med andre ungdommar, førekomm XSV mønsteret i 38% av setningane kor det kunne ha vore XVS ordstilling (2010, s. 54). Over 80% av setningane kor V2-regelen var broten i romanen, hadde akkurat denne setningsstrukturen. I forskinga av Opsahl og Nistov blir det poengtatt at XSV-ordstillinga er resultat av tematisering. Det same finn eg i datautvalet frå romanen. Tala på brot av V2-regel og XSV-ordstilling er svært like. Dette kan gjerne indikera at språket i romanen er tilsvarende likt multietnolekten i Oslo. Sidan XSV har vore mykje omtalt i forsking på multietnolekt hadde eg venta å finna dette mønsteret i romanen. Likevel hadde eg ikkje forventa å finna så like tal.

I setningane som hadde XSV-ordstilling fann eg at *etterpå* var eit adverbial som blei brukt veldig frekvent i romanen. Dette adverbiale fann også Nistov og Opsahl at var mykje brukt ved tematisering og XSV-syntaks. Dei nemnde også at *plutseleg* og *eigentleg* var slike adverbial, men desse to har eg ikkje funne i det heile i datautvalet i romanen. Derimot var bruk av ulike tidsadverbial, særleg *i dag*, ofte X-leddet i setningane.

Derimot fann eg SXV og XSXV mønster i tillegg til XSV. Dette har eg ikkje funne diskutert i tidlegare forsking på multietnolekt i Skandinavia. I romanen førekomm SXV 11 gonger, og det er XSXV i fire tilfelle. XSV er mykje omtalt i tidlegare forsking, men eg fann desse to andre mønstera i tillegg. Dette i seg sjølv er eit interessant funn. I amerikanorsk er det funne to tilfelle av SXV mønsteret. Sjølv om dei finn denne setningsstrukturen er den særsvanleg (Westergaard, Lohndal & Lundquist, 2023, s. 147-148). På bakgrunn av at SXV har blitt funne i amerikanorsk, er det ikkje utenkeleg at ein kan finna det i multietnolekt også. I begge språksituasjonane er det norske språket i kontakt med eit eller fleire andre språk. Dette gjer at det ikkje er utenkeleg at nokre av dei same mønstera kan oppstå i begge situasjonane.

Likevel er det vanskeleg å tolka kva funna av desse mønstera kan tyda, då det ikkje er forska på i multietnolekt, etter kva eg har sett. På den eine sida kan det tyda på at mønsteret førekjem så sjeldan og blir brukt i så liten grad, at det ikkje nødvendigvis har blitt fanga opp i tidlegare forsking. Nistov og Opsahl sitt datamateriale er hovudsakleg spontantale mellom ungdommane, og då er det mogleg at SXV og XSXV ikkje har dukka opp i funna deira. Når noko er særslit frekvent er det vanskeleg å oppdaga, og mogleg at det ikkje finst i eit datasett. På same måte som det er svært sjeldan med SXV i amerikanorsk, kan det tenkast at mønsteret finst i multietnolekten, men også er lite frekvent her. Eit anna alternativ kan vera at funna av SXV og XSXV i romanen var heilt tilfeldig. Mønsteret kan vera utypisk for multietnolekten i verkelegheita, men fungera som eit oppdikta mønster skapt av forfattaren. Dei kan fungera som eit grep for å «krydra» og overdrive språket i enda større grad, enn ved bruk av berre XSV-ordstilling.

Det er vanskeleg å veta noko sikkert om SXV- og XSXV-mønsteret har oppstått heilt tilfeldig, eller er ei faktisk representasjon av noko ein kan finna i faktisk multietnolekt. *Da vi var yngre* er ein skjønnlitterær roman, ein kan derfor ikkje vera sikker på om språket er overdrive og delvis oppdikta, eller om forfattaren følger faktiske mønster som kan finnast i talt multietnolekt. Likevel tyder mykje på at XSV-mønsteret i romanen har mykje til felles med tidlegare forsking. Dette mønsteret er heilt klart det mest brukte, i tillegg til at det førekjem i situasjonar med tematiserte adverbial, slik som det kjem fram i forskinga også. Det er tydeleg at romanen stort sett følger eit mønster ved å bruka V2 i setningar som startar med subjekt (altså SVO), men XSV ved tematiserte element. Det er, med andre ord, eit system i variasjonen.

## 4. Dobbelt bestemming

### 4.1 Bakgrunn

På norsk uttrykker ein at ein frase er bestemt ved å legga til eit suffiks til substantivet (t.d. bil-en, bok-a, hus-et). Når det bestemte substantivet står i kombinasjon med eit adjektiv, blir det også lagt til eit prenominalt determinativ (t.d. den fine bil-en, det fine hus-et). Dette blir kalla for dobbelt bestemming, også ofte kalla dobbelt definit (Faarlund *et al.*, 1997, s. 210). Denne måten konstruera frasar med adjektiv og bestemt substantiv er den vanlege måten å gjera dette, både på norsk og svensk. Likevel er det ikkje så vanleg å finna denne frasetypen som krev dobbelt bestemming. Dahl finner at førekomsten av frasar med dobbelt bestemming var

relativt liten på svensk. I eit korpus av 1250 sider med tekst, var det berre 253 tilfelle av dobbelt bestemming (Dahl, 2015, s. 121). Det har også blitt oppdaga at slike frasar er syntaktisk meir kompliserte på norsk, sidan ein må ha med både determinativet og suffikset (Anderssen & Busterud, 2022, s. 102).

Sjølv om dobbelt bestemming generelt sett er obligatorisk på norsk, finst det nokre unntak. Nokre adjektiv kan få det prenominale determinativet, men dei kan også førekomma utan. Van Baal nemner blant anna at *første*, *andre*, *einaste* og *siste* er nokre superlativ som både kan vera med eller utan determinativ. Adjektivet *heile* er derimot alltid utan determinativ (Van Baal, 2020, s. 36-37).

Så vidt eg kan sjå har det ikkje blitt forska mykje på dobbelt bestemming i multietnolekt, verken på norsk eller svensk. Medan Opsahl & Nistov (2010) og Svendsen & Røyneland (2008) diskuterer fleire grammatikalske aspekt ved multietnolekt i Oslo (inkludert brot på V2 som diskutert i førre kapittel), nemner dei ikkje dobbelt bestemming. Andre studiar syner at dobbelt bestemming kan vera vanskeleg å læra, til og med for einspråklege barn med norsk som morsmål. Forsking syner at barn lærer det bestemte suffikset relativt tidleg, medan det prenominale determinativet og dermed dobbelt bestemming tar lenger tid å læra (Anderssen 2012; Van Baal 2020, s. 57). I tileigningsfase seier barn typisk *fine bilen* framføre *den fine bilen*. I tillegg har dobbelt bestemming vist seg å vera vanskeleg å læra i ulike fleirspråklege grupper, inkludert tospråklege barn, vaksne som lærer norsk som andrespråk og arvespråkstalarar, blant anna i amerikanorsk (sjå referansar i Anderssen & Busterud, 2022, s. 94). Hjå L2-innlærar kan det både vera utfordrande med determinativet og suffikset (Anderssen & Busterud, 2022, s. 103-104). Både *den fine bil* og *fine bilen*, er former som kan førekomma hjå L2-lærerar. I amerikanorsk er det meir typisk å utelata determinativet (*fine bilen*) (Van Baal, 2020). Sidan fleire studiar finn at dobbelt bestemming er vanskeleg, i tillegg til at det ofte manglar for andre fleirspråklege grupper, det tenkast at dette kan gjelda for multietnolekten også. Derfor har eg valt å inkludera dobbelt bestemming i denne oppgåva.

## 4.2 Resultat

I datamateriale fann eg 30 frasar kor ein hadde eit bestemt substantiv, i tillegg til adjektiv. Desse frasane er dei det var mogleg å finna dobbelt bestemming i. Som tidlegare nemnt under kapittel 4.1, er definitte frasar med adjektiv ganske sjeldne, og derfor ikkje det ein finn mest frekvent i språket. Derfor var det også forventa at det ville vera færre tilfelle av dobbelt

bestemming enn V2. Tabell 3 syner ei oversikt over dei 30 frasane, og kor mange av dei som faktisk hadde dobbelt bestemming eller ikkje:

*Tabell 3: Frasar med bestemt substantiv + adjektiv*

| Bestemte substantivfrasar<br>med adjektiv | Dobbelt bestemming | Manglande dobbelt<br>bestemming |
|---|--------------------|---------------------------------|
| 30  | 5                  | 25                              |
|   | 16,67%             | 83,33%                          |

Dobbelt bestemming var til stades fem gonger i løpet av dei 24 sidene som blei undersøkt. Desse frasane hadde både det førestilte determinativet og det bestemte suffikset. Nokre døme er presentert i (8). Alle eksempel har suffikset og determinativet i feit skrift.

- (8) a. ***den dårlig keef-en***<sup>3</sup>
- b. ***dem hjemmelagde krumkak-ene***
- c. ***dem ekte ting-a***

I romanen fann eg mangel på dobbelt bestemming 25 gonger. I desse tilfella kor dobbelt bestemming ikkje var til stades, hadde alle bestemt suffiks på substantivet. Determinativet føre var manglande. Som diskutert i del 4.1 finst det nokre unntak til dobbelt bestemming, inkludert frasar med superlativ og adjektivet *heile*. Under syner nokre eksempel på frasar med superlativ og utan determinativ, som òg er mogleg i einspråkleg norsk (9). Datamaterialet inneheld tre slike tilfelle. I døme (10) ser ein eksempla med *heile*, kor der heller ikkje er determinativ. Frasar med adjektivet *heile* førekomm fire gonger. Totalt var det sju frasar (28% av 25 frasar) utan determinativ, men i desse kontekstene kor det kan førekomma på einspråkleg norsk.

- (9) a. *første gang-en* (s. 71)
- b. *andre hood-en* (s. 101)

- (10) a. *hele mc-ern*<sup>4</sup> (s. 21)

---

<sup>3</sup> *Keef* blir brukt om cannabis. I dette tilfellet er det snakk om at karakterane i romanen røyker dårlig cannabis

<sup>4</sup> *Mcern* tyder *McDonalds-en* i dette tilfellet

- b. *hele famm-en* (s. 41)
- c. *hele tid-en* (s. 41)

Det finst òg mange andre tilfelle av brot på dobbelt bestemming. Eksempla nedanfor (11) syner brot på dobbel bestemming, men går ikkje inn under kategorien av adjektiv som er kjende til å stundom ikkje ha determinativ. Datasettet innehald 18 frasar (72% av 25) av denne typen, der mangel av determinativet ikkje er mogleg i standard norsk.

- (11) a. *ny arabiske vår-en* (s. 11)
- b. *svarte skikkels-ene* (s. 101)
  - c. *største glis-en* (s. 131)

Dataa syner at ein relativt stor del (83,33%) av definitte frasar med eit adjektiv ikkje har dobbelt bestemming. Det er alltid determinativet som manglar i desse frasane, medan det bestemte suffikset er til stades. I tillegg til mangelen av dobbelt bestemming er det også nokre andre observasjonar i desse frasane som kan vera interessante å nemna. Den eine er mangelen på adjektivbøyning. I nokre av frasane var ikkje adjektiva bøygde i samsvar med substantivet. Døme (8a), «den dårlig keefen», er eit eksempel på dette. Her blir ikkje adjektivet *dårlig* bøygd i bestemt form, sjølv om tilhøyrande substantiv er bøygd. Det finst òg nokre eksempel der frasen består av to adjektiv, ikkje berre eitt. Då blir gjerne eit av adjektiva bøygd i bestemt form, medan det andre ikkje blir det. Eit døme er gitt i (11a): «ny arabiske våren». Det første adjektivet er i ubestemt form, medan det andre er i bestemt form. Eit anna eksempel er «lille rød boka» (s. 111). Her er det derimot adjektiv nummer to som ikkje er bøygd. Den andre observasjonen handlar også om bøyning, nemleg samsvarsbøyning mellom determinativ og suffiks. I «den lille spørsmålet» (s. 11) er determinativet til stades, men det er ikkje bøygd i samsvar med substantivet sitt kjønn. Determinativet er felleskjønn medan substantivet og suffikset er inkjekjønn. Bruk av *dem* som ein determinativ var også eit interessant funn. Determinativet får aldri forma *dem*. Døme kor *dem* blir brukt i staden for *de* ser ein i (8b) og (8c).

#### 4.3 Drøfting

I delkapittel 4.2 såg ein tydeleg at dobbelt bestemming mangla i mange tilfelle i romanen. Funna frå romanen, når det gjeld dobbelt bestemming, er noko vanskelegare å samanlikna

med tidlegare forsking enn syntaks og V2-regelen. Det er, som tidlegare nemnd i oppgåva, lite forsking gjort på dobbelt bestemming i dei skandinaviske multietnolektane.

På bakgrunn av dette vil det vera interessant å stilla spørsmål til kvifor det er funne avvik i romanen, medan tidlegare forsking ikkje nemner noko om det. Ei moglegheit er at romanen ikkje gir ein faktisk representasjon av den talte multietnolekten i Oslo. Manglande dobbelt bestemming kan tenkast å vera sær for denne romanen, og ikkje noko ein bør forventa å finna i multietnolekt. Ein såg derimot i kapittel 3 at det var stort samsvar mellom multietnolekten og språket i romanen, noko som gjer det naturleg å anta at språket i romanen er ei form for representasjon av multietnolekt. Dette gjer det igjen meir logisk å anta at brot på dobbelt bestemming er å finna i multietnolekt, heller enn at det er eit spesielt særtrekk i *Da vi var yngre*. Fenomenet er gjerne så lite frekvent at det ikkje har dukka opp i tidlegare forsking som er basert på spontane samtalar.

Vidare vil eg forsøka å samanlikna funna mine med tidlegare forsking. Sidan forskinga på dette området er manglande innanfor multietnolekt, vil eg samanlikna med forsking hjå L1- og L2-innlærarar og arvespråkstalarar.

Noko av det som gjerne er mest gjennomgåande er at alle frasane har det bestemte suffikset. Avviket frå standardisert bokmål ligg berre i determinativet, som manglar i dei fleste tilfella av frasane. I 83,33% av frasane er det prenominale determinativet borte, mot 16,67% kor det er til stades. Berre nokre fåtal av setningane har altså både determinativet og bestemmingssuffikset. Ingen av frasane har determinativ, men manglar suffiks. Dette syner at det er ein tydeleg tendens til manglande determinativ, men at suffikset alltid er til stades. Fenomenet ser dermed ut til å likna meir på ei einspråkleg tileigning og amerikanorsk, enn vaksne L2-innlærarar. Når suffikset alltid er til stades og determinativet som regel blir utelate, ser det ut til å følga eit mønster. Dette funnet gir ei klar hypotese til framtidig forsking om dobbelt bestemming i talt multietnolekt.

Når det gjeld dei andre observasjonane i datamaterialet, om vanskar med bøyning, samsvarer dette med funn frå tidlegare forsking. Tradisjonelt følger norsk eit system med tre kjønn; hokjønn, hankjønn og inkjekjønn. På bokmål har ein òg eit system kalla felleskjønn, kor både hankjønn og hokjønn følger hankjønnssystemet (Faarlund *et al.*, 1997, s. 151). Bruk av felleskjønn og inkjekjønn, i staden for alle tre kjønna, ser ut til å bli meir og meir vanleg på norsk. L2-innlærarar av norsk ser ut til å følga dette systemet, då det sannsynlegvis er enklare å forhalda seg til. Mykje kan og tyda på at L2-innlærarar ikkje blir eksponert for hokjønn i stor nok grad til å kunna meistra trekjønnssystemet (Anderssen & Busterud, 2022, s. 97). I tillegg til at trekjønnssystemet ser ut til å bli «bytta ut» med eit tokjønnssystem, ser ein at

hankjønnsformer blir overgeneralisert hjå L1- og L2-innlærarar og arvespråkstalarar (Anderssen & Busterud, 2022, s. 98). Ein bruker heller hankjønn enn hokjønn og inkjekjønn i fleire samanhengar. Ein lik tendens har også blitt funne i multietnolekt (Opsahl & Nistov, 2010, s. 59-61). Dette kan vera med på å forklara nokre av funna frå romanen, som «den lille spørsmålet». Her er determinativet til stades, men er ikkje bøygd i høve til substantivet i frasen. Som forventa er det hankjønn (*den*) som er brukt i staden for inkjekjønn (*det*).

Som ein såg til slutt i del 4.2 manglar frasane med dobbelt bestemming i fleire tilfelle adjektivbøyning. Dette har eg heller ikkje funne noko om i tidlegare forsking. Tidlegare forsking og funna mine har vist at dobbelt bestemming kan vera noko utfordrande å få til i utgangspunktet. I førre avsnitt såg ein i tillegg at dette med samsvarsbøyning mellom determinativ og kjønn også kan vera utfordrande. Ein hypotese kan då vera at det kan verka endå vanskelegare å halda kontroll på og bøya eit adjektiv i tillegg til alt dette andre. Determinativ, suffiks, samsvarsbøyning, i tillegg til adjektivsbøyning kan vera vanskeleg å meistra i ein bestemt situasjon. Dette ville vore interessant å forska meir på dobbelt bestemming og bøyning i slike frasar i talt multietnolekt.

Eit anna fenomen som kan vera interessant å diskutera nærmare er bruken av *dem* i staden for *de*. Eksempel på dette blei vist ved døme (8b) og (8c). Det er aktuell å nemna her at ordet *de* ikkje berre er fleirtalsforma til determinativet, men også pronomen til tredje person fleirtal. Objektsforma av dette pronomenet er *dem*, og det ser ut til at denne forma er brukt som determinativ i nokre tilfelle i romanen. Eg har ikkje funne dette tilfellet diskutert tidlegare, og det ville dermed vera eit interessant tema for framtidig forsking.

Sjølv om dobbelt bestemming ikkje er forska på i multietnolekt, ser ein tydeleg at det må vera eit mønster i manglande dobbelt bestemming i romanen. I svært mange tilfelle er determinativet borte, men suffikset er alltid til stades. Dette funnet har meir til felles med einspråklege og arvespråkstalarar. Manglande samsvarsbøyning og overgeneralisering av hankjønnsformer er mønster som er vanlegare å finna hjå L2-innlærarar. Dette kan peika i retning mot at dobbelt bestemming i multietnolekten har både likskapstrekk med einspråklege norsktalande, og med L2-innlærarar. Alle desse funna kan derfor vera interessante tema for framtidig forsking å undersøka nærmare.

## 5. Konklusjon

I oppgåva har eg tatt føre meg problemstillinga: *På kva slags måte samsvarar språket i romanen «Da vi var yngre» med måten multietnolekt blir beskrive i tidlegare forsking?* For å

svara på dette har eg avgrensa oppgåva til å sjå nærmere på to syntaktiske trekk i standardisert norsk og multietnolekt. Desse spesifikke trekka var V2-regel (diskutert i kapittel 3) og dobbelt bestemming (diskutert i kapittel 4). Som diskutert i kapittel 2, finst det fleire andre skilnadar mellom språkvariantane. Bruk av lånord, overgeneralisering av hankjønnsformer og forskjell i plassering av nektingsadverbial er blant fenomena som blei observert i tidlegare forsking.

V2-regelen er sentral i norsk syntaks, kor alle forteljande heilsetninga har det finitte verbalet som andre ledd. I tidlegare forsking har det vore godt dokumentert at dette ikkje alltid er tilfellet i dei skandinaviske multietnolektane. Ordstillinga XSV er mykje omtalt, der to ledd står føre verbet. Mönster med V2 var mest frekvent i datamaterialet, men i dei fleste tilfella i setningar med subjektet som første ledd. I setningar kor subjektet ikkje stod først, var XSV-mönsteret det mest brukte. Ut i frå dette verkar det som forfattaren heller bruker SVO-ordstillinga enn V2-regelen. I romanen var det i tillegg to andre mönster når V2-regelen blei broten; SXV og XSXV. Desse har eg ikkje funne i forsking på multietnolekt.

Dobbelt bestemming, som var det andre syntaktiske trekket eg fokuserte på, var mindre frekvent å finna i romanen. Dette var forventa, då frasetypen ikkje førekjem veldig ofte. Ved dei tilfella eg fann av slike frasar, mangla dei aller fleste dobbelt bestemming (83,33%). Suffikset var til stades i alle tilfella, medan determinativet var manglande. Sjølv om det er nokre unntak på norsk der determinativet ikkje er obligatorisk, var determinativet i datamaterialet manglande i frasar der standardnorsk krev dobbelt bestemming. I tillegg fann eg nokre døme der samsvarsbøyning av determinativet eller adjektivet avveik frå standardnorsk. Dobbelt bestemming i multietnolekt er eit fenomen som ikkje er forska mykje på. Funna mine i relasjon til dobbelt bestemming tyder på at det både er likskapar til einspråkleg tileigning, arvespråk og tospråkleg tileigning hjå vaksne.

Brot på V2-regelen og dobbelt bestemming i romanen kan tyda på at språket ligg nært opp til den talte multietnolekten i Oslo. XSV-ordstillinga er omrent like frekvent som Opsahl og Nistov (2010) fann. Sjølv om nokre likskapstrekk til forsking heilt klart var til stades, fann eg også fenomen som ikkje har blitt diskutert i tidlegare. SXV- og XSXV-ordstilling og manglande dobbelt bestemming er blant desse. Desse er gjerne så lite frekvente at det ikkje har blitt fanga opp i tidlegare forsking. Likevel har ein sett at det kan tenkast at desse fenomena er moglege å finna i multietnolekten, på bakgrunn av liknande funn i L2-innlærarar og amerikanorsk. På den andre sida kan desse funna bety at språket i romanen ikkje alltid er representativt for korleis multietnolekten i Oslo er. Romanen er skjønnlitterær, det er derfor ikkje heilt utenkeleg at språket ikkje er heilt autentisk og likt den talte multietnolekten.

Det er godt mogleg at dei språklege trekka i romanen heng saman med multietnolekten i Oslo, men dette kan eg derimot ikkje seia med sikkerheit. Det vil vera interessant å sjå om vidare forsking finn nokre av dei same funna i talt multietnolekt, spesielt når det gjeld SXV- og XSXV-mønster og dobbelt bestemming. I denne oppgåva har eg brukt ei skjønnlitterær kjelde for å gjennomføra ei språkforsking. Dette kan syna at innvandrarlitteratur kan innehalda språklege mønstre som er interessante for språkforskjarar og ikkje berre litteraturforskjarar.

### Litteraturliste

- Anderssen, M. (2012). A spanning approach to the acquisition of double definiteness in Norwegian. *IBERIA: An International Journal of Theoretical Linguistics*, 4(1), 1-34.
- Anderssen, M. & Busterud, G. (2022). Grammatisk kjønn og bøyningsklasse i norsk som andrespråk: En korpusstudie. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, 40 (1), 87-127.
- Dahl, Østen. (2015) *Grammaticalization in the North: Noun phrase morphosyntax in Scandinavian vernaculars*. Berlin: Language Science Press.
- Faarlund, J. T., Lie, S. & Vannebo, K.I. (1997). *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Freywald, U., Mayr, K., Özcelik, T., & Wiese, H. (2011). Kiezdeutsch as a multiethnolect. Henta 03.05.2024 frå: [https://www.researchgate.net/profile/Heike-Wiese-2/publication/265634260\\_Kiezdeutsch\\_as\\_a\\_multiethnolect/links/54e2d9e00cf2c3e7d2d4bd04/Kiezdeutsch-as-a-multiethnolect.pdf](https://www.researchgate.net/profile/Heike-Wiese-2/publication/265634260_Kiezdeutsch_as_a_multiethnolect/links/54e2d9e00cf2c3e7d2d4bd04/Kiezdeutsch-as-a-multiethnolect.pdf)
- Hoem, K. (2023, 27. september). Anmeldelse: Knallsterk debut om ungdom på vippespunktet. NRK. Henta 16.04.2024 frå: [https://www.nrk.no/anmeldelser/anmeldelse\\_da-vi-var-yngre\\_av-oliver-lovrenski-1.16570576](https://www.nrk.no/anmeldelser/anmeldelse_da-vi-var-yngre_av-oliver-lovrenski-1.16570576)
- Kongslien, I. (2002). Dei nye stemmene i norsk litteratur: Innvandrarlitteratur i Norge. I H. H. Skei & E. Vannebo (Red.), *Norsk litterær årbok 2002*, 174-190. Det Norske Samlaget.
- Lovrenski, O. (2023). *Da vi var yngre*. Oslo: Aschehoug.
- Nistov, I & Opsahl, T. (2014). The social side of syntax in multilingual Oslo. I T. A. Åfarli & B. Mæhlum (Red.), *The Sociolinguistics of Grammar*, 91-115. John Benjamins Publishing Company.
- Opsahl, T. (2024, 28. februar). *Dialekt*. Store norske leksikon. Henta 06.05.2024 frå <https://snl.no/dialekt>
- Opsahl, T. & Nistov, I. (2010). On Some Structural Aspects of Norwegian Spoken among

Adolescents in Multilingual Settings in Oslo. I P. Quist & B. A. Svendsen (Red.), *Multilingual Urban Scandinavian: New Linguistic Practices*, 49-64. Multilingual Matters.

Steinkellner, A., Krokedal, L. & Andersen, E. (2023, 7. juni). *Innvandrerne og deres barn – en mangfoldig gruppe*. Statistisk sentralbyrå. Henta 18.04.2024 frå: <https://www.ssb.no/befolkning/innvandrere/artikler/innvandrerne-og-deres-barn--en-mangfoldig-gruppe>

Svendsen, B. A. (2014). Kebabnorskdebatten: En språkideologisk forhandling om sosial identitet. *Tidsskrift for ungdomsforskning*, 14 (1), 33-62.

Svendsen, B. A. & Røyneland, U. (2008). Multietnolectal facts and functions in Oslo, Norway. *International Journal of Bilingualism*, 12 (1-2), 63-83.

Van Baal, Y. (2020). *Compositional Definiteness in American Heritage Norwegian*. [Doktorgradsavhandling]. Universitetet i Oslo.

Van Baal, Y. (2024) (Den) eneste måten – When the prenominal determiner can be omitted from Norwegian double definite phrases, *Journal of Germanic Linguistics*, First View, 1-33. Dio: <https://doi.org/10.1017/S1470542724000011>

Westergaard, M. (2009). *The acquisition of word order: Micro-cues, information structure and economy*. John Benjamins Publishing Company.

Westergaard, M., Lohndal, T. & Lundquist, B. (2023). Variable V2 in Norwegian heritage language: An effect of crosslinguistic influence? *Linguistic Approaches to Bilingualism* 13(2), 133-162.